

## Til sak 5: Ny selskapsavtale for ÅRIM

### Bakgrunn

Som følge av Kommunereformen får ÅRIM ny eigarstruktur. Alle interkommunale selskap skal ha ein selskapsavtale. Det følgjer av lov om interkommunale selskapet at m.a. endringar i eigarstruktur, formålsavtale og samansetning av representantskapet er endringar i selskapsavtalen som må vedtakast av kommunestyret i alle eigarkommunane.

På årsmøtet i 2017 vedtok representantskapet strategi for ÅRIM for perioden 2017 – 2025. Gjennom etableringa av ÅRIM har det skjedd ei samordning av tenestetilbodet innan avfall og slam til innbyggjarane i Ålesundregionen. Eit harmonisert tilbod om mest mogleg like tenester til innbyggjarane er ein føresetnad for at det skal vere mogleg å hente ut stordriftsfordelar og effektviseringsvinst av det interkommunale samarbeidet. Som eit av fem mål for selskapet vedtok representantskapet: «ÅRIM skal vere eigarkommunane sin føretrekte leverandør for alle oppgåver innan avfall og slam.» Som ei oppfølging av dette vedtok representantskapet følgjande tiltak:

### Tiltak 10: Samle avfallsoppgåvene

Frå 2010 til 2016 har ÅRIM tatt over stadig meir av kommunane sine oppgåver innan avfall og slam. Selskapsorganiseringa bidrar til å tydeleggjere ansvar og rollefordeling, samtidig som eigarkommunane har høve til politisk styring gjennom eigarskap.

I og med at ÅRIM har fått på plass organisasjon og løysingar, er det viktig at selskapet og eigarkommunane i samarbeid effektiviserer oppgåver innan avfall og slam, ei viktig oppgåve er då å organisere seg slik at desse i større grad kan løysast på ein stad. Ved å overføre alle avfallsrelaterte oppgåver til ÅRIM sikrar eigarkommunane eit sterkare kompetansemiljø og betre og meir effektive tenester til innbyggjarane.

### Vurdering

#### Prosess for endring av selskapsavtalen

Endringane i Kommunereformen trer i kraft frå 1. januar 2020. For å sikre stabil drift av ÅRIM er det difor viktig av kommunestyra i eigarkommunane vedtar nødvendige endringar hausten 2019.

Det er eit ønske frå eigarane at det blir gjennomført grundige prosessar før endringar i eit stort interkommunalt selskap som ÅRIM. Det er også eit krav at alle kommunestyra gjer likelydande vedtak om selskapsavtale.

Styret legg difor opp til å nytte same framgangsmåte for endringane i selskapsavtalen som tidlegare er nytta ved utarbeiding av felles renovasjonsforskrifter for eigarkommunane, samt for utarbeiding av Strategi for ÅRIM:

Oktober 2018: Styret utformar forslag til høyringsdokument for ny selskapsavtale

Oktober 2018: Representantskapet legg forslag til ny selskapsavtale ut til offentleg ettersyn

Hausten 2018 og vinteren 2018: Eigarkommunane behandlar forslag til ny selskapsavtale og gir fråsegn til ÅRIM.

Mars 2019: Styret i ÅRIM oppsummerer fråsegnene frå eigarkommunane og gir si innstilling.

April 2019: Representantskapet behandlar styret si innstilling og gir ei tilråding til eigarkommunane.

Hausten 2019: Kommunestyra i eigarkommunane vedtar selskapsavtalen.

### Forslag til endringar

Styret har, med utgangspunkt i strategien og ein gjennomgang av selskapsavtalar i liknande selskap, utforma eit forslag til høyringsdokument for ny selskapsavtale.

Dei største endringane styret foreslår i forhold til dagens selskapsavtale er:

- 1) Oppdatering av formålsparagrafen med overføring av ansvar for fleire oppgåver til ÅRIM.
- 2) Endra samansetning av representantskapet, tilpassa ein situasjon der ein av eigarkommunane representerer fleirtalet av innbyggjarane.
- 3) Endra låneramme for selskapet.
- 4) Innarbeiding av prinsippet om lik pris for likt tilbod i selskapsavtalen.
- 5) Overføring av ansvaret for innkrevjing av renovasjons- og slamgebyr til ÅRIM.

Det er også foreslått nokre mindre endringar. Enkelte justeringar, først og fremst av innbyggjartal, vil bli justert til siste tilgjengelege data ved endeleg behandling av forslaga.

### Forslag til vedtak

Representantskapet ber styret i ÅRIM gjennomføre høyring av forslag til ny selskapsavtale, med sikte på behandling av ei tilråding frå representantskapet på årsmøtet 2019.